


Reglement for Kvam miljø-, plan og bygningsutval

2023- 2027



Innhold

§ 1 Generell instruks	3
§ 2 Miljø-, plan- og bygningsutvalet.....	3
§ 3 Val	3
§ 4 Generelle plikter	3
§ 5 Miljø-, plan- og bygningsutvalet sine oppgaver	4
5.1 Saksområde	4
5.2 Overprøving av saker	4
5.3 Klagesaker.....	4
5.4 Overordna prinsipielle vurderingar	4
5.5 Oppretting av arbeidsutval og oppgåveutval	5
§ 6 Rådmann.....	5
§ 7 Sekretariat.....	5
§ 8 Ordfører	5

§ 1 Generell instruks

Kvam Miljø-, plan- og bygningsutval (MPB) skal følgja lov og føresegner - og så langt det høver; dei retningsliner for saksbehandling, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsett i Kvam heradsstyre sitt reglement §§ 2, 5, 6 og 7-21 (med unntak av interpellasjonar og §§ 19 og 20).

§ 2 Miljø-, plan- og bygningsutvalet

Miljø-, plan- og bygningsutvalet er eit utval i samsvar med kommunelova § 5-7.

Miljø-, plan- og bygningsutvalet skal ha 9 medlemmer m/ varamedlemmer.

§ 3 Val

Miljø-, plan- og bygningsutvalet skal veljast i det konstituerande møtet.

Medlemmer og varamedlemmer i Miljø-, plan- og bygningsutvalet skal veljast av og mellom representantane i heradsstyret. Valet vert gjennomført i samsvar med kommunelova §§ 7-4 – 7-8.

Varaordførar skal vera leiar for utvalet, men må likevel veljast formelt på det konstituerande møtet til heradsstyret i byrjinga av valperioden. Valet skal på lik line med val av nestleiar gjennomførast som eit fleirtalsval jf. kommunelova § 5-7, 2.ledd.

§ 4 Generelle plikter

Kvam miljø-, plan- og bygningsutval har på heradsstyret sine vegne det folkevalde leiingsansvaret innanfor sine fagområde og skal sjå til:

- at oppgåvene vert løyste på ein effektiv og god måte
- at løyvde midlar vert nytta i samsvar med føremålet
- at det er etablert gode rapporteringsrutinar

§ 5 Miljø-, plan- og bygningsutvalet sine oppgaver

5.1 Saksområde

Kvam miljø-, plan- og bygningsutval skal handsame arealsaker etter plan- og bygningslova, jordlova, og andre relaterte lover.

Utvalet har ansvaret for å handsama reguleringsplanar for Kvam herad.

Miljø-, plan- og bygningsutvalet skal vidare handsama saker knytt til miljø og forureining (Til dømes forureiningssaker etter forureiningslova), følgje opp klima- og miljøplanar for Kvam herad, saker knytt til landbruksforvaltning og viltforvaltning, landskapsvern, og kommunaltekniske anlegg (til dømes reinseanlegget på Notanes). Utvalet skal ha særleg ansvar for å fylgja opp miljø- og klimaplanen.

Utvalet rapporterer direkte til heradsstyret, men saker med stor strategisk/ og eller økonomisk konsekvens som til dømes større reguleringsplanar både offentlege og private, går via Kvam formannskap (Kvam herad sitt strategi- og økonomiutval) som gjer vedtak i saka eller kjem med tilråding til heradsstyre. I desse sakene skal miljø-, plan- og bygningsutvalet ha høve til å gje uttale før formannskapet handsamar saka.

5.2 Overprøving av saker

To eller fleire medlemmer frå miljø-, plan- og bygningsutvalet kan krevja at eit vedtak som er delegert og endeleg, skal kunna overprøvast av overordna organ (heradsstyre) både med omsyn til den skjønsmessige avgjerda og om vedtaket er i samsvar med lov, føresegner og dette reglementet. Krav må setjast fram i same møte. Organet kan, dersom særlege sterke grunnar og tidsomsyn krev det, med vanleg fleirtal vedta at krav om overprøving etter dette punkt, ikkje skal ha oppsettande verknad.

5.3 Klagesaker

I dei høve der eit statleg organ (Fylkesmannen m.m.) er klageinstans, skal utvalet senda klagen vidare til dette organet, med mindre utvalet gjev klagaren medhald.

5.4 Overordna prinsipielle vurderingar

I enkeltvedtakssaker der det oppstår spørsmål av prinsipiell politisk karakter, kan miljø-, plan- og bygningsutvalet ta slike saker opp med formannskap/ heradsstyre til generell prinsipiell drøfting, avklaring og presisering før endeleg vedtak. Vedtak om å be om slike prinsipielle vurderingar kan gjerast med alminneleg fleirtal.

5.5 Oppretting av arbeidsutval og oppgåveutval

Kvam miljø-, plan- og bygningsutval kan oppretta egne arbeidsutval med representantar frå MPB (jamfør kommunelova 5-6, 3. ledd). Ordførar avgjer møtegodtgjersla til representantane i slike arbeidsutval jamfør Arbeidsvilkår for folkevalde. MPB kan be Kvam heradsstyre om å oppretta «oppgåveutval» dersom utvalet meiner at dette er naudsynt.

§ 6 Rådmann

Rådmann har møte- og talerett, personleg, eller ved ein av sine underordna (Jamfør kommunelova § 13-1, 5. ledd).

Rådmannen skal syta for at saker som skal opp i MPB, er førebudde på forsvarleg måte slik det er kravd i lov, reglement og andre bindande føresegner (Jamfør kommunelova § 13-1, 3. ledd).

Rådmannen fremjar som hovudregel innstilling i saker som skal til politisk handsaming.

§ 7 Sekretariat

- 1) Politisk sekretariat v/ politisk sekretær har sekretærfunksjonen for MPB. Dersom politisk sekretær har forfall, er det administrativ rådgjevar som fungerer som sekretær for Miljø-, plan- og bygningsutvalet.
- 2) Sekretariatet har ansvar for at det vert ført møtebok i tråd med kommunelova § 11-4, 1. ledd.
- 3) Sekretariatet hjelper møteleiar med å sjå til at prosedyrereglane for gjennomføring av møta vert følgd, her inkludert gjennomføring av habilitetsvurderingar.
- 4) Sekretariatet har ansvar for å styra direkteoverførte sendingar på Kommune-Tv når det vert gitt viktige orienteringar i MPB.

§ 8 Ordførar

Ordførar har møte-, tale- og forslagsrett (jamfør kommunelova 6-1, 3. ledd).